



Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Knut Fredrik Øi

Arkivsaknr.:
19/4-12

Arkiv
K2 - K40

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Dato
16.06.2019

Tildeling av fellingsløyve på hjort og elg - Årdal 2019

Kort samandrag:

Årdal bestandsplanområde har fått godkjent bestandsplan for hjort og elg i perioden 2019-2021. Bestandsplanen beskriv tildeling og planlagt felling av hjort og elg i perioden. Planen omhandlar også rådyr, men saka om opning for rådyrjakt i Årdal kommune er ikkje ferdig handsama. Eventuell tildeling av fellingsløyve for rådyr vert ei eiga sak.

Vedtak:

I medhald av *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve på hjort og elg:

- Elg: 12 fellingsløyve i 2019
- Hjort: 268 fellingsløyve årleg, totalt 804 fellingsløyve i planperioden 2019-2021

Saka er vurdert etter *Naturmangfoldlova*.

Vedlegg:

Løyvetildeling Årdal 2019 elg
Løyvetildeling Årdal 2019 hjort

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt
Naturmangfoldlova

Saksutgreiing og vurdering

Relevant saksutgreiing og vurdering er i hovudsak gjort i saka om godkjenning av bestandsplan for elg, hjort og rådyr i Årdal kommune i perioden 2019-2021 (sak 051/19). Her er også *Naturmangfoldlovas* §§ 8-12 vurdert.

I bestandsplanen er det argumentert for ei ytterlegare auke i fellingsløyva på 20% i forhold til førre planperiode når det gjeld hjort. For å stetta desse ønskja må Årdal kommune avvika frå det forskriftsfesta minstearealet, jamfør *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* § 7.

Forskriftsfesta minsteareal i Årdal kommune er tredelt:

- Valdområde Vikadalen: 1000 daa pr fellingsløyve
- Valdområde Utladalen: 1500 daa pr fellingsløyve

- Valdområde Offerdalen, Seim–Hæreid–Nundal, Fardalen og Moen–Vee–Geisdalen: 1200 daa pr fellingsløyve.

Planen legg opp til følgjande avvik frå forskriftsfesta minsteareal:

Vald id	Valdnavn	% avvik
1424V0003	Allmenningen	44
1424V0004	Skogli	46
1424V0005	Fornabu	43
1424V0006	Indre Offerdal	47
1424V0008	Seimsdal Vest	33
1424V0009	Seimsdal Aust	36
1424V0011	Kletta	23
1424V0012	Nundal Vest	37
1424V0014	Nundal Aust	27
1424V0019	Mjølkeflaten	43
1424V0020	Natvik	37
1424V0023	Avdalen	43
1424V0025	Vetti	36
1424V0026	Hjelle	32
1424V0027	Ytre Offerdalen	48
1424V0032	Hovland	36
1424V0038	Eldegarden	34
1424V0040	Hæreid	34
1424V0042	Øvstetunskorane	41
1424V0043	Fardalen	19

Totalt gir dette avviket i minsteareal ei total årleg kvote på 268 fellingsløyve. *Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 16* opnar for at fellingsløyve kan flyttast mellom åra i planperioden. Det er opp til kommunen å vurdere i kva for grad dette kan nyttast. Situasjonen med skrantesjuka og trongen for ein monaleg reduksjon i hjortestamma, er argument for at det ikkje burde vera begrensning på flytting av fellingsløyve mellom åra i planperioden. Rådmannen vurderer det difor til at alle fellingsløyva på hjort fritt kan flyttast mellom åra i planperioden. Når målet er betydeleg bestandsreduksjon vil det vera trong for fleire fellingsløyve dei første åra og det kan vera fornuftig å nytta ein større del av kvota til dømes fyrste året. Alle hjortevalda i Årdal kommune er medlemmar i Årdal bestandsplanområde, noko som er ei forutsetjing for å kunne flytta løyve mellom år. Det vil då vera tilgjengeleg 804 fellingsløyve og det er opp til valda og styret i bestandsplanområdet når dei skal nyttast og i kva for grad dei kan flyttast mellom vald.

Rådmannen tilrår at Årdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve i kommunen slik som beskrevet over. Rådmannen tilrår at det ikkje er nokon begrensning på tal fellingsløyve som kan flyttast mellom åra i planperioden, jamfør § 16 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Rådmannen tilrår at det vert tildelt følgjande fellingsløyve i Årdal kommune:

- Elg: 12 fellingsløyve i 2019
- Hjort: 268 fellingsløyve årleg, totalt 804 fellingsløyve i planperioden 2019-2021